

No 213 Tone: Tillags aat alle kan

Han

Hev du eit hjarta so hev du hugar.
Dei *kraaler* mest dei so lite dugar.
Aa naar eitt *hugmaal tilinkjes* er
Daa sorgi heimatt til hjarta fær.

Ho

Me alle vita me hev eitt hjarta
Men ikkje alle veit kor da smerta
Naar hjarta bristar hev fenge saar
So brenn aa svie, aa aller gror.

Han

So altfor mykje folk gale gjera
So hjartesorgur ein faar aa bæra
Men slikt hev vore aa væra ska
Det hev so gje aa da skal so ga.

Ho

Da er kje vondt da ein sjølv seg gjere
Men da er verst, ja *prober* da bere
So ilt aa saart da gjev ingjen fredag
Dei so hev røynt det kan gje beskje.

Han

Med verdi leika da gjev *procenta*
So som ein saar kan ein hausting venta
Faar ugras veksa aa *svimling* gro
Daa vert det smaalegt med gagnlegt lo.

Ho

Med hjarta raadslaa med hugar leika
Aa inkje granne mot freising streika
Naar arma hjarta seg sjølv bedreg
Da knapt kan koma paa verre veg.

Han

Ja fald aa freisting so jamleg henne
Eg meinte slikt maatte taka ende
Ein maatte læra av dei so lid
So gret aa harmast for æra si.

Ho

I vore domar me er forfæle.
Dei ymse lida skal væra sæle.
Eg heve høyrte han skal væra best
Den kvist so bøygna, ein den so brest.

Han

So meina du da var soleis skipa
At Kain han skulle bror sin drepa.
At kvar ein *udom* aa kvar ein ska.
Er forut *skipla* aa lyt so ga.

Ho

Kva so er skipla eg kan kje seia
Dei største heltar kjem i *ugreia*
Men sjaa ein Noa ein Salomon
Ein Lott ein David kor langt dei kom.

Han

Da er no soleis i ord aa lære
Kvar stend til andsvar for kva han gjere.
Naar vonde magtor faa rhjarta raa,
Dei store heltar vert smaae daa.

Ho

Kring heile verdi er synd aa kvida
De mord aa kriga, folk *gruvleg* lida.
Udaad aa *ufjelga* fyljast aat¹
Aa hev sitt avlaup i naud aa graat.

Han

Slikt er forilla de sant du seie
Folk øydar lukka paa *myrdegreie*
So tru aa *trevna* med elsk aa fred
Maa vika plass for den vonde *sed*.

Ho

Solengje liding aa vonde *gjerdur*
Er *tugtemidlar* paa livsens *færdur*,
So er det rettast me dømar so
Til hausten faar det no sta aa gro.